



Saksbehandlar: Stig Vattekær, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 16/1626-1

Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA - fordeling I

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen løyer kr 300 000 for 2016 og 2017 til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark sitt prosjekt «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken». Finansieringa vert gjort med kr 150 000 frå teneste 70190 Andre næringsområde (2015-løying) og kr 150 000 frå teneste 7164 Friluftsliv.
2. Fylkeskommunen løyer kr 100 000 til CISV Sogn og Fjordane til «Internasjonal Barneleir Kaupanger 2016». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7157 Internasjonalt arbeid.
3. Fylkeskommunen løyer kr 50 000 til Norsk Bremuseum og «Klimaseminar i samband med 25-års jubileum». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7163 Utviklingsarbeid klima.
4. Fylkeskommunen løyer kr 25 000 til Stiftinga Norsk Hjortesenter sitt seminar «Hjort 2016 – arena hjorteforvaltning». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7164 Vilt og fiskeforvaltning.
5. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å setje nærmare vilkår for tildelingane.

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Søknad frå Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark
2. Søknad frå CISV Sogn og Fjordane
3. Søknad frå Norsk Bremuseum
4. Søknad frå Stiftelsen Norsk Hjortesenter

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunen har lyst ut tilskotsmidlar på heimesida www.sj.no til ordningar som kan støtte opp under satsingsområda innan nærings- og samfunnsutvikling. Det er pt ikkje etablert endelige fullmakter for denne delen av budsjettet for 2016, jf. pågående omorganisering. Søknadane vi har motteke så langt i 2016 som sorterer under ansvarsområda til PSA og tidlegare HPN, vert difor lagt fram for fylkesutvalet til handsaming i ei samlesak.

2. Oversikt over søknader

1. Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om prosjektmidlar til «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken». (Arkivsak 16/460). Søknadssum kr 450 000 fordelt over 3 år

2. CISV Sogn og Fjordane søker om midlar til «Internasjonal barneleir Kaupanger 2016». (Arkivsak 16/1508). Søknadssum kr 100 000.
3. Søknad frå Norsk Bremuseum om støtte til «Klimaseminar i samband med 25-års jubileum». (Arkivsak 16/1600). Søknadssum kr 50 000.
4. Stiftelsen Norsk Hjortesenter søker om støtte til eit nasjonalt seminar «Hjort 2016 – arena hjorteforvaltning». Søknadssum kr 25 000.

3. Søknad frå Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

3.1 Bakgrunn for saka

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark (heretter: Stiftinga) er etablert av verdsarvkommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal samt og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Stiftinga skal vere etablerarane sitt verkty for ei natur- og kulturbasert nærings- og samfunnsutvikling i samsvar med verdsarvkvalitetane.

Stiftinga skal i lag med friviljuge lag og organisasjonar (turlaga), representantar for grunn-eigarar og næringsverksemder, verneområdeforvaltning, reisemålsselskapet Visit Sognefjord og nyopprettar arbeids - og styringsgruppe for Aurlandsdalen, gjennomføre eit 3-årig prosjekt med mål om auka vandring og verdiskaping i Verdsarvparken generelt og i Aurlandsdalen spesielt.

Verdsarvparken søker om til saman kr 450 000,- fordelt over 3 år.

3.2 Nærare omtale

Prosjektet har som siktemål å:

1. Fremje/ planlegge/organisere og sikre gjennomføring av koordinerte/ prioriterte tiltak og aktivitetar knytt til vedlikehald/ istandsetjing / rydding og skilting (pilsiktig/ infotavler) av turvegar og etablering av dørheller (innfallsportar) i Verdsarvparken generelt og Aurlandsdalen spesielt.
2. Vere pådrivar og støtte for auka marknadsføring, utvikling/bruk og verdiskaping knytt til vandring.
3. Ta hand om/ koordinere akutte tiltak i Aurlandsdalen knytt til ras/ steinsprang.
4. Ivareta sekretær-/ koordinatorfunksjonen for arbeids- og styringsgruppa for Aurlandsdalen samt sikre samhandling mellom lag/ organisasjonar, reiselivsverksemder og reisemålsselskap i Parkregionen.

Prosjektet vil ha som mål, utover satsinga i Aurlandsdalen, å utbetre/ tilretteleggje/ foredle og tydeleg marknadsføre min. tre lengre turvegar i kvar av Parkkommunane. Kjelda for prioritering vil vere turboka "Opptur Nærøyfjorden".

Kostnadsplan:

Budsjettpost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Utv/ oppsett av skilt/ infotavler, etab. info.pkt.	150 000	150 000	150 000			450 000
Utb./ istandsetj. vegar og bruer, rydding/skjøts.	150 000	100 000	150 000			400 000
Prosjektleiing - koordinering/ gjennomf.	400 000	500 000	500 000			1 400 000
SUM kostnader	700 000	750 000	800 000			2 250 000

Finansieringsplan:

Finansieringspost		2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	150 000	150 000	150 000				450 000
Gjensidigestiftelsen/ infrastrukturmid.		100 000	150 000				250 000
Aurland kommune	150 000	150 000	150 000				450 000
Verdsarvparken/ Miljødirektoratet	150 000	200 000	200 000				550 000
E-CO Energi AS	200 000	75 000	75 000				350 000
Dugnad/ eigeninnsats	50 000	75 000	75 000				200 000
SUM finansiering	700 000	750 000	800 000				2 250 000

Stiftinga forventar slike effektar av satsinga:

1. Auka tilbod av godt tilrettelagde tur- og vandringsvegar - auka fordeling/ spreiing av gjester.
2. Grunnlag for auka tilbod av natur- og kulturbaserte opplevingsprodukt-/ aktivitetar.
3. Auka marknadsføring/ synleggjering.
2. Betre oppleving for turgåarar/vandrarar, legge til rette for bruk av meir tid i Verdsarvparken.

3.3 Vurdering

Stiftinga har i 2015 søkt fylkeskommunen om midlar til driftsstøtte, men vi har ikkje funne ledige frie driftsmidlar til dette. Når det gjeld regionale utviklingsmidlar frå KMD, seier retningslinene at desse midlane heller ikkje skal gå til dagleg drift av selskapa som søker støtte. Bruk av KMD-midlar må gå til meir avgrensa prosjekt eller tiltak. Denne søknaden frå Stiftinga stettar desse krava frå KMD, og vi har såleis moglegheit til å støtte prosjektet med KMD-midlar.

Søknaden er på 450 000 kr fordelt på åra 2016, 2017 og 2018.

Fylkesrådmannen vurderer prosjektet som viktig for utviklinga i Verdsarvparken. Ein vil få auka samhandling, aktivitet og verdiskapinga knytt til vandring i Verdsarvparken. Samtidig vil ein ivareta kvalitetane i Verdsarvparken

Då prosjektet gjeld både nærings- og samfunnsutvikling, har fylkesrådmannen tilrådd at vi søker å få til ei samfinansiering (næringsavdelinga / plan- og samfunnsavdelinga).

Næringsavdelinga har med bakgrunn i dette gjort eit administrativt vedtak om å løyve kr 150 000 til prosjektet. (ESA 16/460-2). Næringsavdelinga har finansiert dette med 2015-midlar på tenesteområde 70190.

Resterande søknadssum på kr 300 000 må finansierast ved hjelp av midlar frå plan og samfunn sitt budsjett. Denne summen er noko stor å finansiere over 2016-budsjettet åleine. Vi rår difor til at vi løyver kr 150 000 frå tenesteområde 7164 Friluftsliv no, og at vi oppmodar Stiftinga om å kome attende med ny søknad for det siste året i prosjektperioden slik at vi då kan ta stilling til dette i samband med fylkeskommunen sitt budsjett for 2017.

3.4 Tilråding

Fylkesrådmannen tilrår å gje Stiftinga kr 300 000 til prosjekt «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken». Støtta vert å finansiere med kr 150 000 frå tenesteområde 7019 (2015) samt kr 150 000 frå teneste 7164 Friluftsliv. Stiftinga vert oppmoda om å kome attende med ny søknad for siste år i prosjektperioden.

4. Søknad frå CISV Sogn og Fjordane

4.1 Bakgrunn for saka

CISV Sogn og Fjordane er del av ein verdsomfattande organisasjon som har som mål å driva fredsskapande arbeid. Dette gjer vi gjennom å lata barn og ungdom frå ulike land og kulturar få høve til å bli kjend med kvarandre og knyte venskapsband. Aktivitetane er konsentrert om fire fokusområde: Mangfold, menneskerettar, konfliktløsing og berekraftig utvikling.

CISV Sogn og Fjordane skal i år arrangere internasjonal barneleir for elleveåringar frå 12 ulike land, slik at dei kan sende ut barn og unge frå Sogn og Fjordane på tilsvarende aktivitetar i år og kommande år. Aktiviteten gjev leiarstrening og nettverk for born og ungdom både i fylket, nasjonalt og internasjonalt.

CISV søker om kr 100 000 i støtte frå fylkeskommunen.

4.2 Nærare omtale

I løpet av de siste tjue åra har CISV Sogn og Fjordane sendt ut meir enn 150 barn og unge til leirar i ulike land. På desse leirane får deltakarane venner frå heile verda, og lærer i praksis om fredsarbeid og om kor verdifulle og spennande ulike kulturar er. Dei kjem attende til fylket med auka kunnskap og positive haldningar både til seg sjølv, sine nærmaste og til andre kulturar.

For å kunne sende ut barn og unge frå fylket kvart år, er CISV Sogn og Fjordane forplikta til å arrangere eigen leir kvart tredje år. Derfor vil CISV i perioden 1. – 28. juli 2016 saman med 48 elleveåringar frå 12 ulike land, 12 leiarar, seks juniorleiarar og ein lokal stab skipe til internasjonal barneleir på Kaupanger Barneskule. Alle aktivitetane på leiren er knytt opp mot det internasjonale temaet CISV har i 2016, berekraftig utvikling. Utifrå dette har vi kalla vår leir "Footprints village" som handlar om dei fotavtrykka vi menneske etterlet oss på jorda. CISV vil bruke ulike aktivitetar og leikar for å utforske dette temaet gjennom vekene på leiren. Søppel, utslepp, resirkulering og rettferdig fordeling av ressursar vil vere aktuelt å ta opp.

Aktivitetane vert planlagt ved leirstart i samarbeid mellom staben, leiarane og juniorleiarane. Målet er at alle deltakarane på leiren - både born og voksne - gjennom aktivitetane dei gjennomfører skal utvikle kunnskapar, evner og haldningar om berekraftig utvikling som dei kan ta med seg heim og bruke.

Kostnadar:

Budsjettpost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Apotek	3 000					3 000
Ekskursjon	35 000					35 000
Kontorrekvisita	5 000					5 000
Leirkasse, dvs. ymse	15 000					15 000
Leirstab, nattevakts, kjøkenhjelp, transport	471 600					471 600
Løn kjøkenstab	15 000					15 000
Mat under leiren	294 000					294 000
Planlegging og tilrettelegging	18 000					18 000
Reise og opphold til leiararsamlingar i forkant	8 000					8 000
Reise til leir for leiarane	33 000					33 000
Sengetøy (supplering)	12 000					12 000
Transport til/frå leir og utflykt	30 000					30 000
T-skjorter til alle deltakarane	10 000					10 000
SUM kostnader	949 600					949 600

Finansieringsplan:

Finansieringspost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Leirstøtte og reiserefusjon CISV Noreg	90 000					90 000
Støtte, lokalt og regionalt næringsliv	200 000					200 000
Eigeninnsats, arbeid	489 600					489 600
Eigne midlar CISV Sogn og Fjordane	70 000					70 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	100 000					100 000
SUM finansiering	949 600					949 600

4.3 Vurdering

Prosjektet har mål som samsvarer godt med Sogn og Fjordane fylkeskommune sin internasjonale strategi 2014 til 2017. Strategien har følgjande intensjon (s. 2 i dokumentet):

- Fremje Sogn og Fjordane sine interesser på internasjonale arenaer
- Gjennom internasjonalt arbeid bidra til å løyse felles utfordringar som er definert i overordna planar og strategiar for Sogn og Fjordane
- Gje ungdom internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring

Ungdom og vidaregåande opplæring er eit eige satsingsområde i strategidokumentet.

4.4 Tiltråding

Fylkesrådmannen rår til å støtte prosjektet med kr 100 000, slik det er søkt om. Finansiering frå teneste 7157 Internasjonalt arbeid.

5. Søknad frå Norsk Bremuseum

5.1 Bakgrunn for saka

Norsk Bremuseum vil i juni 2016 arrangere eit stort klimaseminar med toppforskarar frå heile Noreg. Seminaret er ein del av eit stort 25-års jubileum for museet og tittel til seminaret er "Utfordringar med klimakommunikasjonen". Norsk Bremuseum står for planlegging og gjennomføring av klimaseminaret og jubileet, men samarbeider også med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning.

5.2 Nærare omtale

Målet for seminaret er å gå djupare inn i den samfunnsfaglege delen knytt til klimaformidling, bidra til å skape dialog mellom ulike faggrupper, og ikkje minst å få fram viktig kunnskap om utfordringar knytt til feltet klimakommunikasjon.

Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten har dei siste åra arrangert klimaworkshop for lærarar i vidaregåande skule, og i tillegg to klimaseminar, eit i Oslo og eit i Sogndal. Dette er i tråd med måla til museet om å vera eit framifrå og levande formidlingssenter på områda bre- og klima. Norsk Bremuseum ynskjer, gjennom sine klimaarrangement, å bidra til å få fram ny og viktig informasjon frå ulike fagfelt. I år ynskjer dei å setje lys på «klimakommunikasjonens utfordringar».

Det vil verte arrangert klimaseminar på Campus Sogndal på føremiddagen den 3. juni. Etter seminaret vert det avduking av ny klimautstilling og underhaldning i Fjærland. På kvelden 3. juni vert det festmiddag, talar og underhaldning på Hotel Mundal. Laurdag 4. juni vil vener og forskrarar bli invitert på "Josten på tvers" tur, med oppstart i Stardalen.

Målgruppa for arrangementet er politikarar, næring, elevar på høgskulen, lærarar, forskrarar og media. Dette vil vere eit ope arrangement med plass til 150 personar.

Kostnadane med arrangementet er stipulert til ca. kr 200 000. Ein reknar med inntekter på ca. kr 50 000. Stiftinga vil dekke inn om lag kr 100 000 med eigne midlar. Det vert søkt om 50 000.

5.3 Vurdering

Fylkesrådmannen ynskjer å bidra økonomisk til klimaseminaret då dette er eit arrangement som set klima på dagsorden. Seminaret er også ein god stad å introdusere den nye klimautstillinga for publikum, som fylkeskommunen også har bidrige med midlar til. Klimakommunikasjon vert viktig for å minke gapet mellom kunnkapen vi har rundt klima, og kva vi faktisk gjer for å redusere utslepp og tilpasse oss klimaet. God kommunikasjon vil kunne vere med å endre både haldningar og handlingar. Klima og miljø er eit viktig satsingsområde for Sogn og Fjordane fylkeskommune, og vi ynskjer difor å støtte dette arrangementet.

5.4 Tiltråding

Fylkesrådmannen rår til å støtte arrangementet med kr 50 000. Finansiering med KMD-midlar frå tenesteområde 7163 Utviklingsarbeid Klima

6. Søknad frå Stiftinga Norsk Hjortesenter

6.1 Bakgrunn for saka

Stiftinga Norsk Hjortesenter har sidan 1999 arrangert nasjonale og regionale seminar som arena og møtestad for alle aktørar innan hjorteforvaltninga. «HJORT TIL TUSEN» er Norsk Hjortesenter sitt årlege fagseminar om forvaltning, jakt og kjøttbehandling. Her vert alle med interesse for utvikling av hjorten som ressurs samla.

Hjort 2016 er planlagt i Florø 10. – 11. mars. Problemstillingar kring rovvilt har vore høgst aktuelt i seinare tid, og søker har kome fram til at tittel på årets seminar skal vera "Bør store rovdyr bli ein del av framtidas hjorteforvaltning??". Seminaret vil sjå på kva vi kan lære av naturen når ein skal utføre den praktiske forvaltning av hjortevilt og kan for fallgruver det er vi skal forvalte heilskapen i økosystem som også har rovdyr.

6.2 Nærare omtale

Hjort 2016 er avhengig av støtte og faste samarbeidspartnarar. Dersom deltakaravgifta skulle bere eit slikt seminar åleine, vil denne bli høg og hindre mange potensielle deltakarar i kjernegruppa frå å delta. Vi har som mål å få med breidda i hjorteviltforvaltninga frå jegeren på stubben til den offentlege forvaltar og forskaren. Fylkeskommunen har vore ein fast samarbeidspart ut frå det forvaltningsansvaret vi innafor hjortevilt.

Budsjett 2016

Utgifter

Foredragshaldarar	100.000,-
Leige lokal	90.000,-
Overnatting hotell	150.000,-
Servering hotell	135.000,-
Transport, reisekostnader	50.000,-
Annonsering	45.000,-
Eige arbeid	180.000,-
Diverse uforutsett	30.000,-
Utgifter totalt	780.000,-

Inntekter

Deltakaravgift	100 deltagarar	400.000,-
Økonomisk stønad	Fylkeskommunane	75.000,-
Økonomisk stønad	Miljødirektoratet	195.000,-
Eigeninnsats Hjortesenter		110.000,-
Inntekter totalt		780.000,-

Søkte midlar 2016

	Søkt beløp
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal	25 000
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	25 000
Fylkeskommunen i Hordaland	Tilsegn 2015

Fylkeskommunen i Rogaland	25 000
Sum	75 000

6.3 Vurdering

Stiftinga Norsk Hjortesenter er eit nasjonalt kunnskapssenter i høve viltlevende hjort og hjort i farm/oppdrett. Sentralt i arbeidet står å utvikle og å forvalte hjort som ressurs inn mot rettshavarar og lokale og regionale myndigheiter. I denne samanheng har kommunane og grunneigarane stått sentralt, og hjortesenteret har ei aukande oppdragsmengde knytt til forvaltning av hjort og kvalitetssikring av hjorteoppdrett. Inn under dette ligg også å utvikle inntekter baserte på den ressursen som vill hjort representerer for grunneigarar og fokusere på løysingar ved ulike former for arealbrukskonfliktar.

Seminaret går over to dagar og har høg fagleg kvalitet. Foredragshaldarane kjem frå Klima- og miljødepartementet, NINA, Miljødirektoratet, og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Seminaret har i over 15 år vore ein viktig møteplass for kommunale sakshandsamarar både i Sogn og Fjordane og andre fylke, grunneigarar og andre som er involvert i og interessert i hjorteforvaltning.

6.4 Tiltråding

Fylkesrådmannen rår til å støtte søknaden med kr 25 000. Midlane vert finansiert frå tenesteområde 7164 Vilt og fiskeforvaltning.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)